

NOTAT

Frå: rektor Aksel Hugo, SJH

Til: Sogn og Fjordane fylkeskommune, Bygg og Eigedomstenesta v/ Geir Afdal

Dato: 07.06.2017

Gjeld tilbod frå Anne Schei Nyheim om å kjøpe Gnr 12 Bnr 5 Nyheim som tilleggsjord.

Litt historikk: Sogn Jord og Hagebruksskule har leigd denne eigedomen som tilleggsjord i rundt 50 år. Nyheim vart utskilt frå garden Aurdal i 1890 (eller «Prestgarden» som Fylkeskommunen er eigar av og SJH er brukar av i dag). I samband med bygginga av RV 16 og Lærdalstunellen vart størsteparten av nederste platå regulert til trafikk og næringsareal, slik at det av gardstunet i dag berre står eit lite bustadhus att. Det vart i si tid pussa noko opp og det er i dag ein leigetaker som disponerer eitt rom til kontor. Huset kan ikkje nyttast som bustadhus eller fritidsbustad etter dagens standard.

Om bruket: Gnr 12 bnr 5 Nyheim har skyldmark 1,98. Fulldyrka areal er 23,6 da og innmarksbeite er på 5,8 da + ein del utmark/ skogsareal. (Sjå vedlegg 2, kart/flyfoto frå NIBIO). Hovudtyngda av det fulldyrka arealet ligg på terskel nr 2 (2. Baret) er rimeleg steinfri og ei god dyrkingsjord. Arkeologiske undersøkelser av området, i forkant av det store veg/tunnel – prosjektet, tyder på at det er gamal kulturjord. Bruket har stølsrett og jaktrett i fjellet i fellesareal med skulegarden, Lunde og Fossheim.

Framtid: Eigar gjennom mange år, Anne Schei Nyheim, har etter ei totalvurdering funne ut at ho vil selje bruket, og har i samband med det fått landbrukstakst på eigedomen. (sjå vedlegg 1) Då det gjennom mange år har vore samarbeid med SJH og skulegarden (som bruket i si tid var skilt ut frå) ynskjer eigaren at SJH og Fylkeskommunen er dei fyrste som skal få tilbod om kjøp.

Vidare: Nyheim har vore ein del av SJH – skulegarden sitt vekstskifte i mange ti-år, både når det gjeld förproduksjon, potet og grønsakproduksjon og ikkje minst vår og haustbeite til dyra. Saka vert med dette send over til Fylkeskommunen si Bygg og Eigedomsteneste for å vurdera evt. forhandlingar og saksførebuing fram mot politisk avgjerd.

Vedlegg:

1. Landbrukstakst
2. Kart/flyfoto/arealoversikt frå NIBIO